

Nr.26. Det hev ei rosa sprunge – Om alle mine lemmer

Nn. 102 564 L.727

1599

110

Det hev ei ro-sa sprun-ge ut av ei rot so grann, som fe-der-ne hev sun-ge, av Jes-se

rot ho rann, og var ein blo-me blid midt i den kal-de vin-ter ved myr-ke mid-natts-tid.

21

Det hev ei rosa sprunge
 ut av ei rot so grann,
 som federne hev sunge,
 av Jesse rot ho rann
 og var ein blome blid
 midt i den kalde vinter
 ved myrke midnattstid.

Um denne rosa eine
 er sagt Jesajas ord
 Maria møy, den reine,
 bar rosa til vår jord.
 Og Herrens miskunnsomt
 det store under gjorde
 som var i spådom sagt.

Guds rosa ljuvleg angar
 og skin i jordlivs natt.
 Når hennar ljøs oss fangar,
 ho vert vår beste skatt.
 Me syng i englelag:
 No er det født ein frelsar,
 og natti vart til dag.